

Kyrkjebladet

for Bremanger 1. juni 2025

Årg. 101

God Sommar!



Nesje – mot Olderveggen. Foto: Kjell Aga Ulvestad

DEN TOMME KROSSEN

Når kyrkjeklokkena ringer påskehøgtida inn påskeaftan, vitnar dei om at kyrkjhusa er berarar av historie og kontinuitet i bygdene og byane våre. Til saman dannar dei ei lenke som bind oss til kvarandre. Det er som dei syng oss saman.

I vårt bispedøme er vi medvitne om ei tusenårig historie med lag på lag av menneskets tru og tilbeding. Steinane og veggane i kyrkjhusa er levande fordi dei har teke imot smerte og lidning, glede, kjærleik og sorg frå dei som har vore her før oss. Dei speglar guds lengt og guds nærvær.

Det paradoksale er at dei også gjev rom for å synleggjere gudsfråvær.

Det sterkeste symbolet i kyrkjerommet vil alltid vere krossen. Symbolinnhaldet i krossen er fleirtydig. Den er eit dødsinstrument. Den er teiknet på oppstoda, og den er uttrykk for sameininga mellom Gud og menneske i Jesus Kristus. Krossen, slik vi kjenner den, vil alltid vere knytt saman med påskens bodskap: Jesu lidingssoge, hans død og oppstode.

I påskeforteljinga sine dramatiske døgn er det også ei tid då verda ikkje har nokon Gud. Frelsaren er i denne timen død. I kyrkjekunsten kjem det til uttrykk i motivet som skildrar korleis Jesu døde kropp vert teken ned frå krossen. Eit likklede vert strekt mellom krossarmane. Mannen som sa at han var Gud, viser seg å vere av kjøt og blod som resten av oss. Og sjølv om vi som ser motivet også veit at berre om nokre få dagar, på påskemorgon, skal kristne over heile verda jublende sygne «Kristus er oppstaden», er det som om vi enno ei tid må leve med eit opent spørsmål utan eit sjølvsga svar. – Kva vil skje med oss? Kan verkeleg livet sigre over døden?

Verdas angst og menneskets oppleving av det meiningslause, av gudsfråvaret, må også ha sin stad. For viss vi ikkje torer å setje ord på at det er slik, kan vi heller ikkje tale truverdig om at Gud som lir og dør langfredag, også deler alle menneskes langfredagar. Og at oppstoda si glede og livskraft ein dag skal bli alle menneskes glede og livskraft.

Vi treng bodskapen om håpet og om den tomme grava. Vi treng det i vår del av verda, vi treng det over heile verda. Vi treng det no! For verda er råka av krefter som vil vondt. Det er vanskeleg å ta inn over seg den mengda av frykt og død vi ser omkring oss, nær oss og langt borte. Framfor denne påskehøgtida kjenner vi det igjen, og vi må ta det inn over oss.

I påsken feirer vi at lyset vinn over mørket. Og at vi skal få leve i det lyset. Det er ikkje lovnad om eit liv der alt er godt og smerte ikkje skal vere. Livet har lært oss at dagane kan vere mørke og sorga kjennes som ei klo i bringa som aldri slepp taket.

Men dei kreftene Jesus tek oppgjer med i gravkammerets rom, dei skal ikkje ta overhand. Dei skal ikkje sigre.
For Livet og Håpet er sterke!

Av biskop Ragnhild Jepsen

*Døden må vike for Gudsrikets krefter!
Livet er gjemt i et jordekkt frø.
Se, i oppstandelsens tegn skal vi leve.
Se, i oppstandelsens lys skal vi dø.*
(Svein Ellingsen, Norsk salmebok nr 209)



Svelgen Kapell ved visitasen 23. oktober 2024.



Barnekoret ved påskegudsteneste i mars 2025 i Frøya kyrke.



Fellesgudsteneste i Bremanger kyrje
søndag 14.september kl.11.00

Barnekoret og anna song og musikk, og fleire tilsette deltek. Kyrkjekaffe.

Støtt kyrkjebladet!
Vipps 696974



VELLYKKA FELLESGUDSTENESTE I RUGSUND KYRKJE 23.MARS

KYRKJEBLADET VISER NOKRE GLIMT FRÅ FELLESGUDSTENESTA OG KANTOR
BRUNHILDE ENGELHARDT ER VELDIG GODT FORNØGD:



Barnekor og sangere.

Den felles - musikkgudstenesta i Rugsund kyrkje 23. mars, var ei stor oppleving både for meg som ny kantor i Indre Bremanger og truleg for alle som var der. Det er veldig kjekt å kunne samle musikalske krefter frå heile kommunen og i fellesskap få til ei oppløftande og inspirerende oppleving for alle. Ein stor takk til alle deltakarane: Samarbeidskorpset (Smalsarhorn og Davik) samt Flora-Bremanger Brassband, Bremanger Kammerkor med dirigent og kantorkollega Jarle Grotle og til songgruppene med både vaksne og barn som blei stifta til anledninga. Det var stor stas

å starte med ei songgruppe der songarane var med både frå Ytre og Indre Bremanger, og å kunne øve i lag trass lange avstandar. Og det var ekstra kjekt og lett å samle eit barnekor med denne gongen ungar frå Svelgen og Ålfoten, som song både åleine, som forsongarar i gudstenesta for t.d. Kyrie, Magnificat og Halleluja, og saman med dei vaksne. Takk til alle foreldre for støtte og positive innstilling! Eg håper at begge songgruppene kan vere med på neste fellesgudsteneste òg som vi kjem til å feire i Bremanger kyrkje søndag 14. september!



Kammerkoret.



Korps.

Den mest oppløftande augneblinken i gudstenesta 23. mars i Rugsund, var for meg personleg når alle som var samla i kyrkja, både vaksne og barn i kor, songgrupper og korpset, alle som leia eller bidrog til gudstenesta på ulike måtar og ikkje minst heile kyrkjelyden, song i lag!

Det er spennande å bli kjent med folk i Bremanger, og eg ser fram til å finne ut om meir om moglegheitene og potensialet, samt kva slags musikalske krefter som gøymer seg her i området.



Brunhilde, kantor

Kyrkjekaffe.

TANKAR FRÅ EIN PRESTEVIKAR

«EG ER HELDIG, - SOM HAR FÅTT VERE PREST I BREMANGER.»

Denne formuleringa har eg fleire gonger fått meg servert av prestekollegaer, og eg er enig med dei. Trivelege gudstenester, dyktige tilsette, engasjerte sokneråd og flotte kyrkjebygg har eg fått oppleve i mine 5,5 år i Bremanger. At kyrkja her er viktig for mange, det har vore mi oppleveling. Mine mange kyrjeturar og alle turoppeleingane i kommunen vil stå fast i minnet.

Men det er ei tid for alt. Nokre tankar om det er å vere kyrkje og kyrkjelyd...

Ein kyrkjelyd er noko anna enn bygg, gravstader og tilsette. I Noreg er kyrkjene opne til gudstenester, samlingane er presten sitt område. I dag har ein for få prestar, og verre blir det, vi må tenkje nytt! I Guds Rike er vi alle like verdifulle, vi er alle lemmer, små og store, synlege og usynlege, på den same kroppen. Våre gudstenestesamlingar gjev oss eit heilt anna bilete av det kristne fellesskapet. Har vi ingen prest – blir det inga samling! Men samlingar i kyrkja kan vi likevel ha utan prest! Vi kan ha salmesong, høyre



Stein var med på innsettinga av Dag Leirvik 21. februar 2021. Då hadde Stein ved vore prest i indre Bremanger frå januar 2020. No sluttar han etter 5 og eit halvt år. Ei anna vikarteneste ventar: Vik i Sogn.

Bibel-tekstar, samtale om kva ordet betyr, be våre bøner, oppleve musikk og mykje anna. Til gudsteneste er vi for å bekjenne trua og gje Gud ære.

Mange har bruk for kyrkja bare ved spesielle høve. Men er då Gud vår Gud?

Mange som ikkje har helse til å kome til gudsteneste, har glede av TV-overføringane. Det et flott. Men når eg opplever at få eller ingen kjem til ei alminneleg gudsteneste, tenkjer eg at det er fordi denne kyrkjelyden held på å dø. Korleis skal kyrkja si tid og



Stein Oltedal ved utdeling av 3 årsbibel i Rugsund kyrkje 12.mars 2023.

ressursar brukast i dag? Politikarne våre som syter for dei ytre økonomiske rammene, korleis skal dei tenkje og prioritere?

Kva bør kyrkja vere? Korleis møte menneske i dag?

Vi treng alle ein bror eller ei søster. Her kjem ord frå ei kjend Israelsk barnesalme:

«Eg blir så glad når eg ser deg». «Det er Guds fred eg vil gje deg»

Stein Oltedal


TAKK TIL STEIN

Sokna og dei kyrkjelege tilsette i indre Bremanger vil takke Stein Oltedal for trufast presteteneste i 5,5 år. Stein har ofte sagt ja! Til dei ulike tinga ei presteteneste inneber: gudstenester og gravferder, institusjonsandakter og soknebod, konfirmantundervisning og møter med folk og sokneråd. Mange takk, og lukke til med ny teneste i Vik i Sogn.

KORLEIS FEKK DEI INN DØYPEFONTE I SVELGEN KAPELL?

Nybygde Svelgen kapell blei vigsla 09.10.1960 av biskop Ragnvald Indrebø. Byggmeisterfirma var Gunnar og Finn Hjelmeland frå Førde. Dette firmaet arbeidde i fleire år i Svelgen og bygde rådhuset, samfunnshuset, barneskulen, kapellet, samvirkelaget, hotellet, bensinstasjonen, eit rekkehus og fleire bygg på Bremanger Smelteverk.

Selja forlag har utgjeve bøkene «På kyrkjeferd i Sogn og Fjordane» med bilete og tekst om alle kyrkjebygga i Sogn, Sunnfjord og Nordfjord. Her kan ein lese at namnet Svelgen kjem frå ordet svelgr/ den svelgjande. Ein stad med trønt sund og med strid straum. Kyrkja låg på Kjelkenes i Midtgulen. Nokre gudstenester i året var i Folkets hus i Svelgen. Planen var først å byggje bedehus i Svelgen. Men i 1946 vart dette endra til å byggje bedehuskapellet. Nystarta Svelgen Vel hadde årlege basarar for å samle inn pengar til bedehuskapellet. Det vart strid om kapelltomta som Bremanger Kraftselskap hadde gjeve gratis på Naustneset. I 1957 gav Bremanger Smelteverk ny tomt til kapell på Skuleberget. Dei innsamla pengane til kapell blei borte på 1950-talet, inflasjonen tok dei. Innteikna forsamlingssal og kjellar blei det ikkje pengar til. Det enkle inventaret kapellet i dag har, som er det same som då det blei bygd, avspeglar trønge budsjett–rammer.



Svelgen kapell.

Døypefonten blei laga av Vestlandske Stenhuggeri, han er av massiv kleberstein og veg ca. 900 kg. Då kapellet var ferdig og døypefonten skulle flyttast inn, spurde ein seg, korleis skal ein no få det til? Tre av arbeidskarane sa då at dei kunne bera døypefonten inn. Det var Kåre Gjøringbø, broren Magnus og Nikolai Engebø. Kåre og Magnus var kjende kraftkarar. Tredjemann i døypefont-løftet, Nikolai, trong mest ikkje å ta i, kan Henrik Engebø fortelje meg, bror til Nikolai.

Er det mogeleg?- Går det an, spør eg meg?

Stein Oltedal



Konfirmasjon i Svelgen kapell 10. mai 2025.

F.v.: Sokneprest Stein Oltedal, Linnea Elise Gryte Sandvik, Hedda Oline Myklebust, Iselin Flansås, Johan Hessvik Røgne, Oliver Sagmo, Iver Holm Cirotzki, Isak Dahle Rebni, konfirmantlærar Britt Mulelid.



Konfirmasjon i Frøya kyrkje 10. mai 2025. F.v.: Sokneprest Dag Leirvik, Daniel Fløtre Melheim, Astrid Marie Solheim Frøyen, Trym Rylandsholm Stenseth, Neah Larsen Frøyen og Leander Røys Bolset.



Konfirmasjon i Bremanger kyrkje 24. mai 2025. Framme f.v.: Tilde Brekke, Maja Svarstad Hauge, Synnøve Vike, Midten f.v.: Vilhelm Hauge Vedvik, Ørjan Nødset Rosø, Daniel Nesje. Bak f.v.: Noah Hauge Frøyen, Anders Svarstad, Helge Martin Nyborg, sokneprest Dag Leirvik.



Konfirmasjon i Svelgen kapell 10. mai 2025.

F.v.: Sokneprest Stein Oltedal, Tiril Holm Sandvik, Niktita Vilte Stanciukaite, Bertine Vårdal, Åmund Kjerpeset Vårdal, Anntony Rundereim-Løvseth, Andreas Sundt Olsen, konfirmantlærar Britt Mulelid.

Konfirmasjon i Davik kyrkje
3.mai 2025. F.v.: Sokneprest
Stein Oltedal, Ulrik Forsberg,
Daniel Dombestein Landøy,
Johan Askeland, konfirmant-
lærar Britt Mulelid.



Konfirmasjon i Rugsund kyrkje
4.mai 2025 for Robin Leirgulen.



Konfirmasjon i Ålfoten kyrkje 3.mai 2025. F.v.: Magnus Olai Myklebust, Sokneprest Stein Oltedal,
Maria Myklebust Frøde, Emil Olai Myklebust, konfirmantlærar Britt Mulelid.



Konfirmasjon i Midtgulen kyrkje 24.mai 2025. F.v.: Sokneprest Stein Oltedal, Pernille Kvellestad,
Lukas Andre Butz Senneset, Viljar Vistnes, Live Vistnes, Maja Sofie Eldstad Nordal,
konfirmantlærar Britt Mulelid.

DÅ FREDEN KOM

«BREMANGER KYRKJEBLAD JUNI 1946 KST SOKNEPREST STEINHOVDEN
DENNE STILEN ER SKRIVEN TIL AVGANGSPRØVA TIL EIN AV KONFIRMANTANE DETTE ÅRET»

Endeleg kom dagen vi hadde venta så lenge på. Og då vart det glede i landet. Flagg gjekk til topps på alle flaggstenger. Borna leita fram dei små flagga sine, og mest alle hadde 17. mai sløyfer i bringa.

Den 7. mai om kvelden kom far og sa at no var det fred. Men dei var ikkje heilt sikker på det.

Dagen etter gjekk vi ute i tunet og leika oss. Då kom far gåande. «No må de gå inn å få på dykk dei beste kleda,» sa han. Han høyrdest så høgtidsamt ut i målet. «Kvifor det då?» spurde vi alle i ein gong. «Det er fred i Noreg,» sa han berre. – Vi vart ståande å sjå på han. Var det sant? Eg sansa meg og sprang inn i stova. «Det er fred! Det er fred!» ropa eg så det høyrdest over heile huset. «Er det sant,» sputte mor. «Jau, det var det,» sa eg. Då laut ho opp i auga med forklesnippeten. – Vi fann fram beste kleda våre og hadde dei på oss. Far leita fram flagga våre. 17. mai sløyfer hadde vi og. Dei sette vi fast i bringene våre.

I bua vår hadde vi ei lang granmast. Martin og Sverre kom berande med den. I eine hjørnet av hagen vår, sette dei henne opp. Eg visste kvar det store flagget vårt var. Difor sprang eg etter det. Med same såg vi at flagget fór til topps på flaggstanga til eine grinnen vår. Då heiste far høgtidsamt flagget vårt. Vi stod ei stund og såg kor friskt det blakra i vinden.

Så gjekk vi borna opp på ein haug med flaga våre. Sola skein. Trea stod kledd i den grøne bunaden sin. Fuglane sat i tretoppene og kvittra fornøgde. Kyrkjeklokka klemta og kima.

Ved mest kvart hus i heile bygda hadde dei no heist flagg. Det blenkte i rauda fargar i solskinet. I hamna hadde mange av båtane fått flagg i mastetoppen. Vi stod høgtidsamt og så ut over bygda. No var det fred. Det var mest ikkje til å tru. No kunne vi få høyre radio og flagge så mykje vi ville.

Vi moroa oss ei stund med å telje kor mange flagg vi såg. Då kom ein av grannegutane springande. Han sa at etter middag kunne alle som vill høyre radio i skulehuset. Jau, det ville vi. Det var lenge sidan vi hadde både sett og hørt eit radioapparat, så vi gledde oss svært til det.

Det leid no fram til middag, og vi rusla heimover. Mor hadde laga betre mat enn vanleg. Det var då meir enn ein vanleg dag.

Det var Noregs nye fridomsdag. Då det leid ut på ettermiddagen, gjekk vi innover til skulehuset. Med same vi let opp døra, høyrde vi musikk.

Det var lenge sidan vi hadde hørt slikt, så vi tykte det var svært vent. Då såg vi apparatet. Det stod på kateteret. Vi vart ståande og sjå på det ei stund. Då stogga musikken, og ein mann byrja å snakke. Vi gjekk langt fram og sette oss. Musikken tok til att.

Brått byrja apparatet og frese. Det var umogeleg å høyre noko. Dei fleste tok til å gå. Eg hugsa at det var ein annan som og hadde radioapparat. Dit sprang eg, saman med nokre andre. Stova var fullsett, så vi måttestå. Straks vi kom inn byrja det vi ville høyre. Fyrst var det ein mann som tala engelsk. Det skjøna vi ikkje, men vi sat rolege og høyrde på for det. Deretter tala kongen og kronprinsen. Dei var glade for at Noreg igjen var eit fritt land, og dei ynskte å kome snart heim.

Vi høyrde høgtidsamt på dei medan dei tala. Deretter gjekk vi ut or stova. Sverre ropa

då at ingen måtte gå heim endå. No skulle vi fotograferast. Ute på troppa stogga vi medan han fotograferte. Han som hadde hatt radioapparatet under heile krigen stod fremst i flokken med apparatet i fanget. Attmed han stod dei minste borna med flagga sine.

På heimvegen gjekk vi borna i lag og ropa hurra medan vi veifta med flagga våre.

Om kvelden skulle kongen tale att. Då var vi attende og høyrde på han. Deretter gjekk vi heim.

Det tok no til å mørkne. Eg og far tok ned flagget. Flagget mitt hengde eg opp på veggen i soverommet mitt.

Etter eg var lagd om kvelden, vart eg liggjande å tenkje på det som var hendt. Det var den gladaste dagen eg hadde hatt. Det var så utruleg, men det var sant:

Freden var komen.



FRØYA SOKN – HAR DU LYST TIL Å REISE PÅ LEIR?

Som ein del av barne- og ungdomsarbeidet i kyrkjelyden, har Frøya sokneråd vedteke å dekke 50% av deltakaravgifta for dei som ynskjer å reise på leir til f.eks. Nesholmen eller Fjordly. Ordninga gjeld barn og ungdom som tilhører Frøya sokn.

Leir sommaren 2025:

Nesholmen (KFUK-KFUM Sogn og Fjordane)

- Barneleir (6-10 år) 20.06 til 22.06.
- Aktivitetsleir (10-13 år) 22.06. til 25.06.
- Gaming-leir (10-17 år) 26.06. til 29.06.
- Familieleir 25.07 til 28.07.

Fjordly (Acta / Normisjon Sogn og Fjordane)

- Minileir (4 år-3. klasse) 13.06 til 15.06.
- Tweensleir (4.-7. klasse) 20.06 til 23.06.
- Tenleir (frå 8. klasse) 09.08 til 13.08.

Informasjon og påmelding:

nesholmen.no
fjordly.no/leifar-og-event

Etter påmelding sender du kopi av kvittering for deltakaravgift til Frøya sokneråd saman med

- informasjon om leiren
- namnet på deltakaren og den som betaler
- bankkonto-opplysningar for utbetaling av refusjon

Støtt
kyrkjebladet!
Vipps
696974



KYRKJELYDANE SINE MISJONSPROSJEKT

Bremanger kyrkjelyd har inngått ny misjonsavtale med Normisjon gjennom misjonsprosjektet «Trygg barndom i Senegal».

Normisjon vil gjennom prosjektet løfte barns perspektiv i Senegal, der to av ti barn aldri startar på skulen og omrent halvparten av befolkninga over 15 år er analfabetar. Gjennom samarbeid med andre organisasjoner får omsorgsgjevarar og nøkkelpersonar i samfunnet delta i foreldrerettleatingsgrupper etter International Child Development Program (ICDP) sin modell, som har vist gode resultat frå andre delar av Normisjon sitt arbeid. (Info frå fränormisjon.no)



Frøya kyrkjelyd har inngått misjonsavtale med Stefanusalliansen gjennom prosjektet «Stefanusbarna» i Egypt.

I Kairos «søppelby» lever tusenvis av fattige. Gjennom prosjektet vil Stefanusalliansen med sin samarbeidspartner Mama Maggie hjelpe borna her til eit betre liv. Borna får tilbod om barnehage, og kvar veke får familiene oppfølging av ein diakonal medarbeidar. Stefanusbarna sitt arbeid omfattar også leirverksemd for barn og unge, fleire grunnskular og yrkesskular, helseoppfølging av borna og familiene deira og utdeling av mat og kle. Stefanusalliansen har samarbeida med Mama Maggie og Stefanusbarna sidan 2005. (Info frå stefanus.no)



Kyrkjelydane i indre Bremanger har misjonsavtale med NMS – det norske misjonsselskap gjennom et prosjekt i Mali.

Håpet lever i Mali

Mali er et land der påskens budskap om lidelse, oppstandelse og håp på mange måter har en særlig gjenklang.

Midt i en virkelighet med langvarig uro og terror er det faktisk flere lyspunkter. NMS startet arbeidet i Mali i 1986. Målet var å nå det nomadiske fulanifolket med evangeliet. Fulanifolket er tradisjonelt et nomadefolk som lever av kvegdrift. Tidligere var fulaniene et mektig og rikt folk, men i dag er de blant Malis mest marginaliserte folkegrupper. Misjonærane som kom til Mali, delte evangeliet gjennom landsbybesøk og radioarbeid, men startet også landsbyutviklingsprosjekter. Her ble det gravd brønner, drevet alfabetisering og gjennomført vaksinasjon av barn.

Etter hvert fikk prosjektene svært gode resultater i kampen mot kjønnslemlestelse, og mange landsbyer har erklært seg som omskjæringsfrie soner. Bibeloversettelsesarbeidet ledes nå av en ung, kristen fulani!

I løpet av årene har det vokst fram tre menigheter med kristne familier. Søndagsskolearbeid og leifarbeid har bidratt til at barna til de første kristne nå står fram som sterke og målrettede troende som Pennda (25). Hun er med i styret for de kristne fulani-ungdommene i Mali. Det er en historie som bærer håpet videre.

De siste årene har samfunnet i Mali gått i oppløsning. Hæren har begått statskupp og står også bak vold og overgrep mot lokalbefolkningen. Mange har blitt med i ulike milits- og terrorgrupper som kjemper både mot hæren og mot hverandre. Maliske myndigheter kjøper dessuten tjenester av den russiske Wagner-gruppen. Midt oppi dette er det likevel håp.

Lokale kristne fra fulanifolket ønsker å vise at det er mulig å gå fredens vei. Takket være dem og modige misjonærer fra Nigeria, Kamerun og Norge blir stadig nye mennesker kjent med Jesus.

De kristne fulaniene i Mali vet at det er mange i Norge som ber for dem. Det setter de stor pris på. Midt i lidelsen lever håpet om oppstandelsen, både for land og folk! Et håp Jesus gjorde levende på første påskedag. (Info frå Misjonstidende NMS.)

SELJUMANNAMESSE 6.JULI

Tradisjonen tru blir det også i år messe ute på Selja. Øya har ein unik plass i norsk historie. Staden har vore eit pilegrimsål heilt tilbake til 900-talet med bakgrunn i legenda om den irske kongsdottera Sunniva og hennar følge som søkte ly der. Sidan då har øya har vore ein stad for menneske til å söke ly og ein stad for menneske å møte og söke Gud.

Årets messe blir søndag 6 juli kl. 12 og tidlegare biskop i Bjørgvin Halvor Nordhaug er predikant. Å feire messe ute i havgapet er noko heilt eige. Bakteppet med hav og himmel der vêr og vind fargar omgjevnadane minner oss om alle våre skifter i livet. Og ikkje minst minner det oss om at gjennom alle tider, dagar og skifter så står Guds løfte fast. Den evige Gud vi alltid kan söke ly hos. «Du er mi øy i havet Gud» er ein av salmane vi skal synge på årets messe. Varmt velkommen til Seljumannamesse. På www.fjordguiding.no finn du båt-tider og kan bestille billett ut til øya.

SUNNIVA AV SELJA

Laurdag kveld, 5.juli, har Seljumannamessekommiteen i samarbeide med Selje Pilegrimssenter og Filadelfia Stadt glede av å invitere til premiere i Selje kyrkje. Fôrestillinga «Sunniva av Selja og de som fulgte i hennes fotspor» er arrangert av «Himmelske toner». Manus er skrive av Sara Lepsøe og Håvard Sand, og Arild Stav er musikalsk ansvarleg. Fôrestillinga startar med Sunniva og korleis ho med sitt liv sto til teneste for Gud og sin neste. Med ord og tonar blir vi tatt med gjennom Norges historia og får eit lite innblikk i korleis kristenliv og tru har vore med å sette sitt preg på landet. «Himmelske toner» har hatt liknande fôrestillingar andre stadar, blant anna på 1000 års jubileet for Kristenretten på Moster i fjar. Konserten er gratis med høve til å gje kollekt.

Velkommen til Seljumannamesse 5.-6. juli 2025



Laurdag 5. juli

14.00 i Selje prestegard: Lansering av ungdomsboka
Sunnivas reise v/Sara Lepsøe og Håvard Sand

18.00 i Selje kyrkje: Premiere på fôrestillinga *Sunniva av Selja*. Manus/regi: Sara Lepsøe og Håvard Sand
Musikalsk ansvarleg: Arild Stav

Søndag 6. juli

12.00 på Selja kloster: Seljumannamesse.
Predikant: Biskop emeritus Halvor Nordhaug

For båtruter og utfyllande program,
sjå www.seljakloster.com/seljumannamesse2025



FRA SKAPERNE AV «DET FØRSTE I VÅR LOV»

Sunniva av Selja og de som fulgte i hennes fotspor

En reise gjennom
Norges historie
i toner, ord og
bilder, sett med
troens øyne.



Se drommenomnorge.no for mer info.

VEBJRØN SAND

Alv Magnus • Arild Stav • Filip Stav
Anette Mortensen • Andrea Mathea Knardal
Håvard Sand • Ole Petter Erlandsen
Sara Lepsøe • Jon Inge Sigerland m.fl.

**5. JULI KL 18.00
SELJE KYRKJE**

Gratis inngang, kollekt

Arrangør:
Himmelske toner
sammen med:
Seljumannamessekommiteen,
Selje pilegrimssenter
og Filadelfia Stadt.

SOMMARAVSLUTNING



I juni hadde dei tilsette sommaravslutning og Marit Steinset, kontormedarbeidar på kyrkjekontoret på Hauge og prest i indre Bremanger Stein Oltedal vart takka av. Marit slutta i januar og Stein drar i juni.



KAPELLTRAPPA I SVELGEN HAR FÅTT NYE STEINHELLER

Arbeidet ble utført av Svelgen Bygg, og samtidig med legging av nye skiferheller ble det lagt ned varmekabler i både trappetrinn og handikap innkjørsel.



Fra 17. mai komiten 2024 på Hauge, har Bremanger kyrkje fått nye benkar. Soknerådet takkar for gåva.

FRILUFTSGUDSTENESTER 2025



- ① 9. juni kl.11.00 – Smørhamn
- ② 9. juni kl.12.00 – Hunskår
- ③ 15. juni kl.12.00 – Myklebustsetra
- ④ 29. juni kl.11.00 – Grotle gamle gravplass
- ⑤ 13. juli kl.11.00 – Botnane
- ⑥ 27. juli kl.12.00 – Davik, Draumepllassen
- ⑦ 10. august kl.12.00 – Gloføykje
- ⑧ 24. august kl.14.00 – Berle



Hjertesukk frå gravplassen!

Ver så snill å ikkje kast plast i kompostbinge.

VELKOMEN TIL KYRKJE

BERLE KYRKJE

- 24.08.25 14.00 FRILUFTSGUDSTENESTE PÅ KAIA.
28.09.25 11.00 GUDSTENESTE. BARNEKORET. HAUSTTAKKEFEST.
26.10.25 11.00 GUDSTENESTE.
30.11.25 11.00 GUDSTENESTE.
24.12.25 13.00 GUDSTENESTE.

BREMANGER KYRKJE:

- 29.06.25 11.00 FRILUFTSGUDSTENESTE PÅ GROTE GAMMLE GRAVPLASS.
24.08.25 11.00 GUDSTENESTE MED DÅP. KONFIRMANTPRESENTASJON.
UTDELING AV 6ÅRS-BOK.
14.09.25 11.00 FELLESGUDSTENESTE. BARNEKORET.
12.10.25 11.00 GUDSTENESTE.
02.11.25 11.00 HELGEMESSE. KAMMERKORET.
07.12.25 11.00 GUDSTENESTE.

FRØYA KYRKJE:

- 22.06.25 11.00 GUDSTENESTE.
13.07.25 15.00 GUDSTENESTE MED DÅP.
31.08.25 11.00 GUDSTENESTE. KONFIRMANTPRESENTASJON.
21.09.25 11.00 GUDSTENESTE. UTDELING AV 6ÅRS-BOK. HAUSTTAKKEFEST.
12.10.25 16.00 GUDSTENESTE.
09.11.25 11.00 SANG- OG MUSIKKSTUND. JARLE GROTE M FL.
07.12.25 17.00 LYSMESSE.

DAVIK KYRKJE:

- 27.07.25 12.00 FRILUFTSGUDSTENESTE DRAUMEPLASSEN.
24.08.25 11.00 GUDSTENESTE. KONFIRMANTPRESENTASJON.
28.09.25 11.00 GUDSTENESTE. UTDELING AV 4ÅRS-BOK. HAUSTTAKKEFEST.
21.10.25 18.00 SANG OG MUSIKKKVELD.
02.11.25 14.00 HELGEMESSE.
23.11.25 11.00 GUDSTENESTE. UTDELING AV 5ÅRS-BOK.
25.12.25 11.15 GUDSTENESTE.

MIDGULEN KYRKJE:

- 13.07.25 11.00 FRILUFTSGUDSTENESTE BOTNANE.
21.09.25 14.00 GUDSTENESTE.
02.11.25 17.00 HELGEMESSE.
26.12.25 12.00 GUDSTENESTE.

RUGSUND KYRKJE

- 10.08.25 12.00 FRILUFTSGUDSTENESTE GLOFØYKE.
21.09.25 11.00 GUDSTENESTE. KONFIRMANTPRESENTASJON. HAUSTTAKKEFEST.
26.10.25 11.00 GUDSTENESTE. UTDELING AV 5ÅRS-BOK.
23.11.25 16.00 GUDSTENESTE. LYSMESSE.
24.12.25 13.00 GUDSTENESTE.

SVELGEN KAPEL

- 31.08.25 11.00 GUDSTENESTE. KONFIRMANTPRESENTASJON.
28.09.25 14.00 GUDSTENESTE. UTDELING AV 4ÅRS-BOK. HAUSTTAKKEFEST.
26.10.25 14.00 GUDSTENESTE.
16.11.25 14.00 GUDSTENESTE. UTDELING AV 5ÅRS-BOK.
30.11.25 11.00 GUDSTENESTE.
24.12.25 15.00 GUDSTENESTE.

ÅLFOTEN KYRKJE:

- 24.08.25 14.00 GUDSTENESTE. KONFIRMANTPRESENTASJON.
19.10.25 11.00 GUDSTENESTE. UTDELING AV 4ÅRS-BOK. HAUSTTAKKEFEST.
16.11.25 11.00 GUDSTENESTE. UTDELING AV 5ÅRS-BOK.
14.12.25 11.00 GUDSTENESTE M/ÅLFOTEN SKULE.
25.12.25 14.00 GUDSTENESTE.

I received, and whereas I stand by what ye are ready to sleep in memory what I present and understand I believed in unto you delivered unto you first that which was delivered unto the Scripture and that he was buried and that he rose again the third day according to the Scripture; and that when he was seen then of the twelve that he was seen of whom the greater part remained unto this present, but some days after that he was seen of one of the Apostles, and last of all he was seen of me also, as of one born out of death, the least of the Apostles, who am called an Apostle, because I preached Christ Jesus upon me was not in vision, but more abundantly than they all else, but the grace of God which was with me. Therefore whether it were I or they, so we preach, and so ye believed.



SJÅ OGSÅ FACEBOOK -
KYRKJENE I BREMANGER

Støtt kyrkjebladet!
Vipps 696974

Døpte



Gravlagde

**BERLE SOKN:**

20.04.25 Marta Ferstad Berle
(døypt i Bremanger kyrkje)

BREMANGER SOKN:

30.03.25 Leo Mathias Smådal
(døypt i Naustdal kyrkje)
08.06.25 Leander Mikarlsen Førde
08.06.25 Heine Rabben Bratseth

DAVIK SOKN:

09.02.25 Sofia Birkeland
23.02.25 Einar Marius Bernhardsen Forthun
(døypt i Rugsund kyrkje)
23.02.25 Eldar Victor Bernhardsen Forthun
(døypt i Rugsund kyrkje)

FRØYA SOKN:

02.02.25 Wilma Sofie Strandberg Rylandsholm
02.02.25 Milan Koi Gulestøl
(døypt i Florø kyrkje)
10.05.25 William Nguyen Bjørnø

MIDTGULEN SOKN:

26.01.25 Casper Nigardsøy
26.01.25 Johannes Hollevik Sandvik
18.03.25 Anea Augusta Myklebust Kolseth
30.03.25 Selma Svoen-Bueie
(døypt i Voksen kirke)
13.04.25 Ivar Myrholt

RUGSUND SOKN:

23.02.25 Elander Husevåg Klævold



NY KYRKJELYDSPEDAGOG I BREMANGER

Elisabeth Voll Ådnøy er tilsett i 50% stilling som kyrkjelyds-pedagog i Bremanger og ho startar i august. Elisabeth er musikkpedagog og har erfaring frå ulike trus opplæringstiltak. Ho er gift med Åsmund Melvær Vadøy, og familien på 4 flytter i august til Kalvåg. Ho blir presentert ved fellesgudstenesta i Bremanger kyrkje 14.september. Elisabeth vil bruke hausten på å bli kjent, og finne ut kva ho skal arbeide med.

**Namn • tid • stad**

www.kyrkja.no/bremanger

SVELGEN KYRKJEKONTOR (rådhuset 1. etg.): Tlf. 916 10 469

Kyrkjeverje Bjarki Asgeir Hrafnnsson – tlf. 917 06 595
bjarki.hrafnnsson@bremanger.kommune.no

Bjarki Asgeir er tilgjengeleg på kyrkjekontoret i Svelgen måndag, tysdag og torsdag, og på kyrkjekontoret på Hauge onsdag og fredag.

Britt D. Mulelid, saksbehandler/trusopplæring – tlf. 916 39 340
britt.mulelid@bremanger.kommune.no

BREMANGER KYRKJEKONTOR, HAUGE Grottevegen 141
Dag Leirvik, sokneprest i Berle, Bremanger og Frøya – tlf. 917 32 150
dag.leirvik@bremanger.kommune.no

Jarle Grotle, kantor – tlf 917 31 723, jarle.grotle@bremanger.kommune.no

Johanne Nygård, kontormedarbeidar – tlf 908 05 835, onsdag og fredag kl. 09:00-12:00
johanne.nygard@bremanger.kommune.no

Elisabeth Voll Ådnøy, kyrkjelydspedagog – tlf. 95202121

KYRKJEBLADET FOR BREMANGER

Kasserar: Asbjørn Førde, 6727 Bremanger. **Ansvarleg redaktør:** Dag Leirvik
Redaksjonsmedarbeidrarar: Johanne Nygård og Britt D. Mulelid. I tillegg har kvart sokneråd ein representant som er ansvarleg for å samle inn stoff til bladet frå eige sokn.

Utgjevar: Sokneråda i Bremanger. Økonomien er basert på frivillige gaver.

Bankgironummer: 3776.20.58139

Grafisk produksjon: E.Natvik, Florø

Du finn no «Kyrkjene i Bremanger» på Facebook!





«DER INGEN SKULLE TRU AT NOKON KUNNE BU» - I ORD, BILETE OG TONAR KONSERTFØRESTILLING MED ODDGEIR BRUASET, ARNE M. SØLVBERG OG ENSEMBLE NORDLYS I BREMANGER KYRKJE 2. NOVEMBER KL. 18:00

I denne konsertførestillinga vert Oddgeir Bruaset sine historier og forteljingar, som skildrar livet på veglause gardar, iscenesett med stemningsfulle bilete frå Nordfjord og spesialarrangert musikk ved Arne Sølvberg og Ensemble NordLys. Publikum får oppleve både sterke, spennande, morosame og lærerike historier frå ulike stader i Nordfjord, som Bremangerlandet, Lotsberg, Blakset, Oppstryn, Olden, Innvik, Breim og Hyen.

ENSEMBLE NORDLYS

Ensemble NordLys er eit prosjekt-ensemble sett saman av musikarar frå eller med tilknyting til Gloppe. Musikarane har i ei årrekke spelt ilag i ulike samanhengar og no funne saman i eit mindre ensemble. Ensemblet er ein god blanding av profesjonelle heiltids- og deltidsmusikarar, og består i dette prosjektet av Øyvind Lyslo (gitar), Synnøve Nordvik (song), Martine Svarstad Nordvik (song), Håvard Nordvik (trompet og flygelhorn), Jakob Leiv Kroken (kontrabass og elbass), Thomas Aanonlie (perkusjon og melodisk slagverk) og Jarle Grotle (orgel, piano og trekkspel).

ODDGEIR BRUASET

Oddgeir Bruaset er i dag ein svært aktiv pensjonist, og er for dei fleste kjent som forfattar og tidlegare journalist og programleiar i NRK. I dette konsertprosjektet vil han fortelje historier frå sine to bøker «På fjellhylle og havstrand – livet på veglause gardar» og «Jul, der ingen skulle tru at nokon kunne bu».

ARNE SØLVBERG

Folkemusikaren Arne Sølvberg fekk i 1996 Spellemannprisen i klassa Folkemusikk/Gammaldans for si første soloutgjeving Nordfjordslåttar. I 1994 fekk han Stryn kommune sin kulturpris. For å skape ei representativ stemning i forteljingane er det innarbeida folkemusikk i musikkarrangementa ved hardingfele og fiolin.



Returadresse: Svelgen Kyrkjelydskontor, Rådhuset, 6723 Svelgen

Oppseiingar av Kyrkjebladet for Bremanger skal gå til:
Svelgen kyrkjekontor (Rådhuset 1. etg.), tlf. 916 10 469
britt.mulelid@bremanger.kommune.no